

Det er 'kje greitt å verta gamal

Dei gjeng på stubbane av livet sitt
dei som i dag er vortne gamle.
Om fyrr dei ferdast både snøgg og vidt,
dei no med stakk må fram seg gamle.
Det er 'kje greidt å verte gamal.

Men mange kan ei lenger bruka stav!
Til sengs dei no må freista livet.
Dei ligg og driv i mot si eigi grav:
Det siste, jordi kan dei give.
Det er 'kje greidt å verta gamal.

Og tusund fekk ei prøvsam lidingstid,
i verk, forutan mål og måte.
Med' timane so tungt og langsomt skrid,
og kroppen skjelv i kval og våde.
Då er det svært å vera gamal.

Men, sume fekk «til sinns» so myrk ei natt
at ingenting dei lenger ansar.
Dei kjenner ikkje sine eigne att.
Og livet sitt ei meir dei sansar.
Det er vemodsfult med slike gamle.

Men, — verst av alt : å vera utan Gud,
når dei er hanna bland dei eldste.
Dei tente «verdsens fyrste» livet ut.
Og dei er enno ikkje frelste!
Då er det fælt å vera gamal.

Å, kor eg ynskjer deg, du gamle ven,
— som ser ditt eige livsverk ramle —,
at du i tru må ta mot Frelsaren,
som ogso døydde for dei gamle.
Då vert det sælt å vera gamal.

Johs. M. L. Rydland.

Venskuling Sept. 1964